



Fortente blomar etterpå vart overrekt av Tormod Myklebust frå soknerådet

Den grøne pennen hans kvilte aldri. Og han er eit av dei finaste menneske eg har møtt. Slik svarar Gunnar Kjærland når uskedalen.no ber han om å seia 2 setningar om Trygve Bjerkrheim som han kjende godt. Ein av karakteristikkane er at han var evangeliets varme formidlar og konserten i kyrkja ikveld understreka det. Det var ein fin slutt på eit jubileumsår som har vorte eit jubelår for kyrkja vår!



Marianne Juvik Sæbø song 15 songar som Bjerkrheim har skrive

Det kom 85, nokon heilt frå Odda, og dei fekk oppleva ein stor kveld med Marianne Juvik Sæbø (song, frå Askøy) og Terje Kleppe (piano, frå Stord). Dei framførte 15 av dei 15 000 dikt og songar som rogalendingen utruleg nok skreiv i sitt 97 år lange liv. Ein skal ikkje forlanga at diktaren med sin mangfaldige produksjon kan ytast full rettferd på tre kvarter, men dei to hadde gjort eit representativt utval. Nokon av dei mest kjende og kjære songane fekk alle vere med på å syngja, til dømes Det er makt i de foldede hender, Det strøymer ei livselv av lukka og Gud har en plan. Marianne introduserte songane med å attgje minne og opplevingar frå Bjerkrheims liv - ikkje for mykje, men heller ikkje for lite.

Var Bjerkrheim den mest ruvande person i vår religiøse musikktradisjon fram til denne dag? Det er kanskje for enkelt å svara ja på det spørsmålet, men han er i alle fall ein skarp konkurrent til dei andre store. Og det stoppar slett ikkje no - Trygve Bjerkrheims venner jobbar med å gjera langt fleire av tekstene tilgjengelege for ein ny generasjon. Vi fekk ein lovande smakebit ikveld med melodiar av Mons Leidvin Takle.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen